

Uteskule

På www.ressursforalle.no har me samla ressursar som kan vera nyttige for å planleggja og gjennomføra uteskule. Til dømes finn du ressursar for å velja aktivitetar tilpassa kompetansemål for ulike trinn og fag, årshjul og oversikt over utstyr og materiell og ressursar til bruk for at uteskulen skal vera mogleg å delta på for alle, uavhengig av bakgrunn og behov.

PLANLEGGING, GJENNOMFØRING OG ERFARINGSOVERFØRING

Korleis skal læringsøkta bli gjennomført?

- Kva? Aktivitetar tilpassa trinn & kompetansemål (sjå www.ressursforalle.no for ressursar)
- Lengde på økta? Førbeuing og etterarbeid?
- Kvar?
 - o Avstand til skulen?
 - o Kva fasilitetar er i området? (Toalett? Tak? Bålpanne? ...)
- Kva utstyr trengs for å gjennomføra (for gruppa og for kvar einskild elev?)

Korleis kan du få overført erfaringane med aktiviteten og opplegget til andre?

Er det behov for tilrettelegging?

- Er det elevar med særskilte behov som ein må ta omsyn til for denne læringsøkta?
- Kan ein søkja om hjelpemiddel til NAV som gjer det mogleg å delta? (Ved å knytte søknad og aktivitet til kompetansemål er det enklare å få innvilga søknad)
- Er det mogleg å flytte økta nærare skulen for å gjera det enklare for alle å delta?
- Er det elevar som vil ha særskilt nytte av økta?
 - o På grunn av ressursar dei har?
 - o Nye meistringsarenaar? Som del av ein progresjon?
 - o Som alternative læringsformar?
 - o Gjennom å dela ressursar/aktivitetsplan med foreldre kan dei bli trygga og evt. gjennomføra aktiviteten før/etter

FØREBUING OG DIALOG MED ELEVAR

Mange elevar/løresette har ei forventning om fileik eller turdag når me snakkar om uteskule. Nokre elevar opplever også at uteskule er utfordrande eller vanskeleg. Dermed er det hurt med ei forventningsavklaring og forklaring i forkant av uteskulen.

Kva er det behov for å førebu elevane på i samband med uteskule?

- Læringsaktiviteten
- Turen/området

Snakkeark kan vera eit godt verktøy for dialog med elevar som av ulike grunnar ikkje kommuniserer godt verbalt. Desse aktivitetane er det utvikla snakkeark for: [Teikne kart \(samfunnsfag\)](#), [Fargekongen](#) (kroppsøving), [kolstift](#) (kunst & handverk),

[steikte eple](#) (mat & helse), [mengderingar](#) og [tre på rad](#) (matematikk), [kva flyt?](#) (naturfag), [bokstavskattejakt](#) og [lydleik](#) (norsk).

I kva samanheng kan ein førebu elevane på uteskule?

- Som del av undervisninga på skulen
- Gjennom lekse eller informasjon/dialog med føresette
- Gjennom val av tilrettelegging

FØREBUING OG DIALOG MED FØRESETTE

Sende ut informasjon til føresette om uteskule

- Lenke til generelt informasjonsskriv
- Informasjonsskriv/skildring av konkret opplegg
- Legge inn samtalepunkt i vekesplan med skildring av mål for uteskulen og kopling til andre læringsaktivitetar

Ha uteskule som tema på

- Foreldremøte
- Oppstartssamtale/utviklingssamtale i første klasse